

## KARAVANEN

**D**et var ein gong ein stor karavane, som tok burt-igjenom øydemarki.

Paa den audslege, vidsveimde sletta, der ein til vanlegt saag berre himmel og sandmoar, høyrde ein no bjølleklang og kamel-selety som ringla. Ei diger sandsky gjekk fyre og synte, at eitkvart sers stod paa. Og kom det eit vindkast og kløyvde skyi, skein det av blanke vaa-pen og staselege bunader.

Burtimot karavanen kom ein mann rideende. Hesten han sat paa var ein gild arabar med eit tigerskinn til sål. I det skarlak-raude ridestellet hekk sylvbjøllor, og ein fin fjørdukst stod ende upp framme paa hestehovudet.

Mannen sjølv saag baus ut og var staseleg klædd. Paa hovudet bar han ein kvit turban utsauma med gull. Kaapa og den vide broki var av skarlaks-ty, og eit stort sverd hekk att-med sida.

Turbanen hadde han drege langt ned i panna, og der nedunder brann dei svarte augo som gløder undan haarrike augnebruner. Ei stor bøygd nase og langt munn-skjegg gjorde ikkje andletet blidare. Han var helst som ein røvar aa sjaa til.

No dreiv han paa hesten og hadde snart naatt burttil ferdafylgjet.

Det var noko so sjeldsynt, at ein einsleg mann kom ridande igjenom øydemarki, at vaktmennene skunda seg og rette spjot imot han.

«Kva stend paa!» ropa ryttaren. «Trur de, ein einsleg mann kjem og vil ta paa dykk, so mange som de er?»

Daa skjemdest dei og tok spjoti til seg.

Hovdingen i vaktflokkene reid burt til framandkaren og spurde kva han vilde.

«Kvar er eigaren av karavanen? spurde ryttaren.

«Det er ikkje ein mann aaleine som eig den,» var svaret, «men ein flokk kjøpmennar som hev vore i Mekka og no er paa heimveg. Me fylgjer dei igjenom øydemarki, med di allslags ramp fer og rek og er ute etter rike ferdafolk.»

«Tak meg til kjøpmennene daa,» sa framandkaren.

«Det kann me ikkje,» svara hovdingen. «Me lyt lenger og kann ikkje stogga her. Kjøpmennene er langt etter, minst ein fjordung-veg.

Men vil du vera med dit me held middagskvild  
kann du faa dei i tale.»

Framandkaren svara ikkje. Han tok fram ei lang-pipe som var bundi fast til sålen, og gav seg til til aa røykja so det gauv etter, alt medan han sat og reid der jamsides hovdingen.

Hovdingen visste ikkje rett kva han skulde tenkja um mannen, men vaaga seg ikkje til aa spryrja beint ut um namnet hans heller. Han freista aa faa ei samrøde i gang, men framandmannen svara so stutt, at røda dovna av att.

Langt um lenge var dei framme paa kvilestaden. Hovdingen sette vakt ut. Sjølv heldt han framandmannen med lag, til resten av karavanen var framkommen.

Tretti kamelar med varor paa rygg kom no ræsande. Etterpaa dei att kom dei fem kjøpmennene som aatte alt dette.

Meste parten var eldre folk som saag støde og aalvorsame ut. Berre ein tottest vera mykje yngre enn hine, og han var og kaatare og meir lettliwa enn desse andre.

Etter dei kom det endaa ei mengd med kamelar og pakkhestar.

Dei hadde no slege upp telti, og kamelane og hestane batt dei rundt ikring.

I midten var eit stort telt av blaa silkeduk. Dit førde hovdingen framandkaren.

Dei fem kjøpmennene sat paa gullsuma putor, og svarte trælar bar til dei mat og drykk.

«Kven kjem du med der?» ropa den yngste kjøpmannen til hovdingen.

Fyrr denne fekk koma til ords, sa framandmannen:

«Eg heiter Selim Baruch og er fraa Bagdad. Eg skulde til Mekka, men so vart eg fanga av ein røvarflokk, og fyrst for tri dagar sidan var eg so heppen eg kom meg laus. Sjølve Guds profet maa det ha vore som lét meg høyra bjølleklangen fraa kamelane dykker, so eg fekk koma til folk. — De lyt lata meg faa fara i fylgje med dykk til me kjem fram til Bagdad. De skal ikkje ha gjort dette for inkje, for sjølve storvisiren (fyrsteministeren) er far min.»

Den eldste kjøpmannen svara som so:

«Selim Baruch, velkommen skal du vera! Me gjer so gjerne alt me kann for deg. Du fær setja deg inn-aat og taka til takke, slik me hev det.»

Selim sette seg burt-til kjøpmennene og aat og drakk i lag med dei. Sidan kom trælane og bar burt maten, og kveikte ei lang-pipe til kvar av dei.

Kjøpmennene sat der og røykte og mælte lenge ikkje eit ord. Endeleg sa den yngste av dei:

«Soleis hev me no sete paa tridje dagen og ikkje havt noko-slag fyre oss som kunde faa tidi til aa gaa. — Veit ikkje du, framandmann, noko me kunde trøyta tidi med?»

Framandkaren svara:

«Naar de fyrst spør meg, so veit eg sakte ei raad. Me kunde fortelja kvar-si soge, so kom nok tidi til aa gaa.»

«Det hev du mi sann rett i, Selim Baruch,» sa den gamle kjøpmannen. «Det gjer me, det!»

«Det var gildt, de lika det,» sa Selim. «Eg skal so gjerne sjølv fortelja eitkvart fyrst.»

Kjøpmennene drog seg velnøgde inn-aat, so dei skulde betre høyra.

Og so fortalte Selim Baruch soga um